



Dåpsbarnet fekk namnet Sanna. Her saman med broren Jonas, foreldra Linda Bue Midtun og Johannes Hjelmeland og sokneprest Lina Håland.

Sanna Midtun Hjelmeland var dåpsbarnet i dag, på 2. søndag i det nye året. Dagens tekst frå opningsord i Markus handlar også om dåp, om døyparen Johannes som står fram og fortel om det som skal koma. Markus skriv ikkje noko om Jesu barndom. Han går rett på og kallar Jesus for Messias og Guds son.

I gudstenesta i dag fekk vi sjå konfirmantane som kyrkjevertar og medhjelparar i dåpshandlinga. Slik skal det vera i heile konfirmantførebuingstida.

Etter gudstenesta var det årsmøte i soknet. Uskedalen.no har før skrivt frå den fyldige årsmeldinga og den store aktiviteten i 2017. I arbeidsplanen for 2018 vert det sagt at arbeidet held fram med konsertar, tema- og salmekvelder og gudstenester. Nokre fysiske endringar og tilpassingar vert gjort for å letta tilkomsten for rullestolbrukarar.

Einar Gjertsen spurde kva soknerådet bør gjera for å fanga opp våre nye landsmenn. Utan å koma syna til konkrete tiltak, vart det sagt at kyrkja i Uskedalen er inkluderande og open for alle, slik det også er synt ved mange arrangement.

Ove Myhre styrer med økonomien. Han la fram eit oversiktleg rekneskap som syner samla inntekter på kr. 96.760,-. Kostnadene vert stort sett fordelt likt på overføringar til andre og til kyrkjelydsarbeidet.

I soknerådsleiaren si helsing til møte sa Svanhill Haugland at det handlar om å byggja kyrkjelyden, finna gode tiltak som er grunnlaget for vekst og utvikling, i både tru og teneste. Det handlar om å forvalta dei ressursane Gud har gjeve oss som kyrkjelyd, i vår tid og på vår stad.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Bilete syner nokre av dei som stoppa att etter gudstenesta for å vera med på årsmøte i soknet.